

Bygging av småkraftverk i Koldalsfossen i Eikelandsosen - Fusa kommune

Kulturminnefråsegn

Når det gjeld planane for bygging av småkraftverk viser Hordaland fylkeskommune til høyringsbrev sendt ut 2. april 2014 frå Norges vassdrags- og energidirektorat (NVE): Søknad om løyve til å bygge 12 småkraftverk i Kvam, Fusa og Samnanger kommune. Koldalsfossen kraftverk, i Fusa kommune, er mellom dei omsøkte tiltaka.

Hordaland fylkeskommune har vurdert saka som regional sektorstyresmakt i kulturminnevernet.

Kva saka gjeld

Søknad om konsesjon for bygging av småkraftverk i Koldalsfossen i Eikelandsfossen, Fusa kommune. Planane er å rive den gamle kraftstasjonen som er der i dag, og erstatte den med ein ny. Det er og planlagt ny veg inn til stasjonsbygningen der den gamle kjerrevegen ligg i dag. Utbyggingen vil og innebære ny inntaksdam og ny nedgraven røyrgate.

Vurdering

Det var Peder Vilvar Neumann, f. i Kristiania i 1855 som fekk kjøpe Koldalsfossen i 1873. Han bygde ein fabrikk som laga trådsneller og kondenspropp. I 1897 selde han huset under Koldalsfossen til Smørfabrikken «Viking». Dette førte til ein oppgang i Eikelandsosen. I Koldalsfossen bygde Koldalene eit ikkje så lite kraftverk. Truleg i 1916 ?). Det er og ein oppgangssag og ein gamal kjerreveg knytt til industrianlegget.

Koldalsfossen i Eikelandsosen er eit heilskapleg anlegg som syner dei ulike spora som er knytt til utviklinga av industrien i området.

Industrien som er knytt til Koldalsfossen er og ein viktig del av den vestnorske industrihistoria. Industrien rundt elva byr på kunnskap og opplevingar som syner omfanget av tidlegare næringsverksemd i området. Det er og mange lokale som vil at staden skal takast vare på for ettertida.

Den nye kraftstasjonen er tenkt plassert der den gamle ligg i dag, vegg i vegg med oppgangssaga. Både den gamle kraftstasjonen og murane etter oppgangssaga er viktige historiske spor som seier mye om lesbarheten i området. Desse spora vill vi be om vert sikra for ettertida og integrert .

Hordaland fylkeskommune ser industrien rundt Koldalsfossen som eit samla teknisk kulturminne med høg kulturminneverdi. Vi vil at kulturminneverdiane vert sikra gjennom at dei eksisterande bygningane/restane vert integrert i dei nye planane. Eit kulturmiljø utan spor reduserer i stor grad kulturminneverdien. Vi vil be om at den gamle kjerrevegen vert varsamt opprusta ved tilrettelegging av ny tilkomstveg.

Kulturminne er unike, ikkje-fornybare og uerstattelege. Ifølgje St. meld. nr. 26 (2006-2007) skal mangfaldet av kulturminne og kulturmiljø forvaltast og takast vare på som bruksressursar, og som grunnlag for kunnskap, oppleving og verdiskaping. Eit representativt utval av kulturminne og kulturmiljø skal takast vare på i eit langsiktig perspektiv. Fylkeskommunen leggje vekt på at ein sikrar kulturminneverdiane.

Når det gjeld automatisk freda kulturminne må undersøkingsplikta etter §9 i Kulturminneloven oppfyllest i god tid før arbeid i marka startar opp.

Konklusjon

Industrien knytt til Koldalselva er eit viktig lokal og regionalt kulturminne. Etter Hordaland fylkeskommune sitt syn har kulturmiljøet knytt til industri historia i Eikelandsosen, Fusa kommune høg kulturminneverdi. Vi ber om at desse spora vert synleg og sikra i dei nye planane for nytt småkraftverk. Vi viser til vår samla fråsegn i saka.